



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 987 669 586
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTELSEN MUSEUM VEST
Forretningsadresse: Lyngneset 4A
5302 STRUSSHAMN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Øyvind Stang
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.02.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 15.04.2026



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		6 157 476	6 450 821
Billettinntekter m.m.		8 695 164	8 372 179
Offentlige driftstilskudd	2	61 126 360	57 781 658
Prosjektinntekter	3	10 508 484	11 815 558
Leieinntekter		1 124 531	1 445 986
Annen driftsinntekt		5 653 691	5 751 293
Sum inntekter		93 265 707	91 617 496
Kostnader			
Varekostnad		2 581 936	2 708 235
Lønn og sosiale kostnader	4	54 407 547	51 105 764
Ordinære av- og nedskrivninger	1, 5	1 830 550	1 720 118
Kostnader lokaler		8 651 909	10 234 768
Husleiekostnader		10 989 133	10 241 882
Kontor- og administrasjonskostnader	4	11 500 743	10 893 672
Kostnader samlinger og utstillinger m.m		1 913 963	2 243 447
Prosjekttilskudd til andre		274 000	77 000
Sum kostnader		92 149 781	89 224 885
Driftsresultat		1 115 925	2 392 611
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		1 724 849	1 458 256
Sum finansinntekter		1 724 849	1 458 256
Annen finanskostnad		368 716	331 582
Sum finanskostnader		368 716	331 582
Netto finans		1 356 133	1 126 674
Ordinært resultat før skattekostnad		2 472 058	3 519 285
Ordinært resultat etter skattekostnad		2 472 058	3 519 285
Årsresultat		2 472 058	3 519 285



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Årsresultat etter minoritetsinteresser		2 472 058	3 519 285
Totalresultat		2 472 058	3 519 285
Overføringer og disponeringer			
Udekket tap			-180 000
Avsatt til bundne fond		2 472 058	2 000 000
Overført annen egenkapital			1 699 285
Sum overføringer og disponeringer		2 472 058	3 519 285



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Immaterielle eiendeler	1, 10		
Varige driftsmidler			
Inventar og utstyr		1 881 965	788 385
"Utstilling Sandviksboder"		1 288 000	2 749 000
Sum varige driftsmidler	1, 5	3 169 965	3 537 385
Finansielle anleggsmidler			
Lån til tilknyttet selskap og felles kontrollert virksomhet		71 200	90 400
Investeringer i aksjer og andeler		79 000	79 000
Egenkapitalinnskudd i KLP	6	1 156 044	1 014 323
Sum finansielle anleggsmidler		1 306 244	1 183 723
Sum anleggsmidler		4 476 209	4 721 108
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	1	2 171 259	1 701 446
Fordringer			
Kundefordringer		2 550 370	2 640 011
Andre kortsiktige fordringer		4 838 451	4 981 457
Sum fordringer	1	7 388 821	7 621 468
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd og kontanter	7	28 139 161	29 046 029
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		28 139 161	29 046 029
Sum omløpsmidler		37 699 241	38 368 942
SUM EIENDELER		42 175 450	43 090 050



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital		50 000	50 000
Sum innskutt egenkapital		50 000	50 000
Opptjent egenkapital			
Egenkapital disponert til fond		8 267 276	5 795 218
Annen egenkapital		13 623 770	1 699 285
Udisponert resultat			
Sum opptjent egenkapital		21 891 047	7 494 503
Sum egenkapital	8	21 941 047	7 544 503
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	6		11 924 485
Periodiserte tilskudd og avsetninger	3, 9	5 221 115	6 764 869
Tilskudd aktiverte utstillinger	5	958 000	2 199 000
Sum avsetninger for forpliktelser		6 179 115	20 888 354
Annen langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		6 179 115	20 888 354
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 675 765	6 942 150
Skyldig skattetrekk og offentlige avgifter		3 363 513	3 109 200
Skyldige feriepenger og lønn		5 900 230	4 398 644
Annen kortsiktig gjeld		115 780	207 198
Sum kortsiktig gjeld		14 055 288	14 657 193
Sum gjeld		20 234 404	35 545 547
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		42 175 450	43 090 050



ÅRSMELDING

STIFTELSEN
MUSEUM VEST


2024

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/e9b39a3d-4aab-4e39-97f6-a99c5890eb57>



2024

1. SKILDRING AV VERKSEMDA OG SKILDRING AV KOR VERKSEMDA VERT DRIVE



Museum Vest bestod i 2024 av museumsarenaene Herdla Museum, Nordsjøfartmuseet, Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene, Bjørn West Museet, Norges Fiskerimuseum, Kystmuseet i Øygarden og Bergens Sjøfartsmuseum.

I tillegg har Museum Vest to fellesavdelingar: Administrasjonen og Fellesenheten.

Museum Vest er eit regionmuseum for kommunane Øygarden, Askøy, Masfjorden og Bergen kommune. Den tematiske profilen går ut frå avdelingane sine hovudtema:

- Kysten og havet som økosystem, livsgrunnlag og ferdselsåre
- Okkupasjon, krig og menneskerettar
- Handels- og sjøfartsbyen Bergen



STYRET 2024

Namn	Rolle	Oppnemnd av	Valperiode
Bjørn Sjaastad	Styreleiar	Bergens Sjøfartsmuseum	2024-2027
Robert Kaupang Sæle	Nestleiar	Nordsjøfartsmuseet	2024-2027
Anne Brit Reigstad	Styremedlem	Bergen kommune	2024-2027
Kari Østervold Toft	Styremedlem	Norges Fiskerimuseum	2024-2027
Kurt Hæggernæs	Styremedlem	Askøy kommune	2024-2027
Rafael Cobo Garrido	Styremedlem	Vestland fylkeskommune	2024-2027
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Styremedlem	Bjørn West museet	2024-2027
Kristin Børve Jacobsen	Styremedlem	Kystmuseet i Øygarden	2024-2027
Jens Henrik Hammerås	Styremedlem	Tilsett representant	2024-2027

Styret har hatt 6 møte og behandla 47 saker.



VARAMEDLEMMAR

Namn	Rolle	Oppnemnd av	Valperiode
Silvia Haugland	Varamedlem	Vestland fylkeskommune	2024-2027
Terje Magnussen	Varamedlem	Norges Fiskerimuseum	2024-2027
Andreas Madsen Berg	Varamedlem	Bergen kommune	2024-2027
Camilla Brautaset	Varamedlem	Bergens Sjøfartsmuseum	2024-2027
Hilde Arnesen	Varamedlem	Tilsett representant	2024-2027
Malfred Rong	Varamedlem	Kystmuseet i Øygarden	2024-2027
Synne Nordøy	Varamedlem	Nordsjøfartsmuseet	2024-2027
Frode Larsen	Varamedlem	Askøy kommune	2024-2027
Bjarte Moncrieff-Dyrkolbotn	Varamedlem	Bjørn West museet	2024-2027

For 2024

DIREKTØREN HAR ORDET



Med eit solid fotfeste i ein region som alltid har hatt blikket vendt mot sjøen, fortel Museum Vest om livet langs kysten og på havet. Vi tek for oss viktige næringar som fiskeri, handel og sjøfart, olje og gass, samtidig som vi søker å vere tett på kystfolk i by og bygd – i krigs- og fredstid.

Historia vår knytter oss saman, gjennom fortid og framtid, gjennom identitet og kultur. Den seier noko om kven vi er og kor vi kjem frå. Historia er vårt kollektive minne, og gir inspirasjon til nye oppdagingar.

2024 har vore eit godt år for Museum Vest. Mange har valt å besøke musea våre, og besøkstala viser ei positiv utvikling. På trass av dyrtid, galopperande straumprisar og uvisse rundt rammevilkåra, meiner vi at musea har levert.

Det største prosjektet vi er involverte i, er restaureringa av Det Hanseatiske Museum, kor vi har ein tett dialog og eit nært samarbeid med Bergen kommune. Det står mykje arbeid att før vi kan gjenopne museet våren 2027. Dette vil prege Museum Vest i tida framover. Som partnar i Havbyen Bergen var vi i 2024 med på ulike prosjekt og arrangement for å løfte byen som havhovudstad. Dette vil òg vere eit satsingsområde i fortsetjinga.

Vi fekk eit positivt resultat for 2024, noko som er ein konsekvens av god økonomistyring både ved avdelingane og sentraladministrasjonen. Eg håper du tek deg tid til å lese heile årsmeldinga for å få eit inntrykk av alt som skjer i Museum Vest, vi er stolte over kva vi har levert i 2024.

VI GLER OSS TIL 2025 OG
ØNSKJER DEG GOD LESING AV
ÅRSMELDINGA.

Strusshamn, 15. februar 2025
Øyvind Stang, direktør




HOVUDTAL FOR 2024


Totalt antal besøkande: 211 987

Elevbesøk: 10 067

Enkeltbesøk barn og unge: 18 589



Besøkstal 2019–2023



Nøkkeltal samlingsforvaltning

Oversikta viser det samla talet objekt i samlinga innanfor ulike kategoriar og andelen som var registrert og digitalt tilgjengeleg for publikum ved utgangen av året i perioden 2022–2024.

	2022	2023	2024
Totalt antal kulturhistoriske gjenstandar	28626	31483	29942
Totalt antal registrerte kulturhistoriske gjenstandar	25494	29080	27666
Totalt antal publiserte kulturhistoriske gjenstandar	6725	8417	9730
Totalt antal arkeologiske gjenstandar	8337	8342	9029
Totalt antal registrerte arkeologiske gjenstandar	8201	8206	9050
Totalt antal publiserte arkeologiske gjenstandar	522	910	982
Totalt antal foto	110118	110485	111330
Totalt antal registrerte foto	8883	9404	9917
Totalt antal publiserte foto	2729	3113	3618
Totalt antal kulturhistoriske bygg	52	53	33
Totalt antal registrerte kulturhistoriske bygg	50	50	33
Totalt antal publiserte kulturhistoriske bygg	13	13	10
Totalt antal båtar/farkostar (flytande og på land)	63	62	62
Totalt antal registrerte båtar/farkostar	14	26	26
Totalt antal publiserte farkostar/båtar	7	26	25



Nedgangen i det samla talet kulturhistoriske gjenstandar i 2024 og derav også det samla talet registrerte kulturhistoriske gjenstandar kjem av ReOrg-prosjektet og gjennomgang av samlingsdatabasen ved Kystmuseet i Øygarden. Vi har der oppnådd betre kontroll over samlinga ved å tydeleg skilja rekvisitt og bruksgjenstandar frå museumssamlinga.

Nedgangen i talet på kulturhistoriske bygningar kjem av at Fjell Festning ikkje lenger er ein del av Museum Vest.

Publikasjonar utgjevne eller sendt inn i løpet av 2024

Embla Aae: «Quantifying Devotion – A Mixed-Methods Study of Pious Donation in the Nidaros Province, c. 1160–1540». Avhandling for ph.d. i historie (UiB). Aae vart tilsett som konservator ved Det Hanseatiske Museum våren 2024.

Geir Hitland: “Bjørn West – historiske spor i Matrefjella”. Eit samarbeidsprosjekt med Bjørn West Museet.

2 artklar i Havstrilen.

Bidrag til vitenskaplege tidsskrift

1 bokmelding til tidsskriftet Maritime Perspektiver

Sendt inn til vitenskaplege tidsskrift og publikasjonar i 2024 (t.o.m. januar 2025)

1 artikkel til antologi om intergenerasjonaltitet

1 artikkel innan museologi/museumshistorie

3 artklar innan mellomalderhistorie

Kompetanse og forskningstid i Museum Vest per 31. desember 2024


Tilsette med ph.d.: 8

Tilsette som er godkjent konservator NMF: 3

Tilsette som er godkjent førstekonservator: 2

Tilsette med avtalt forskningstid: 7

ORGANISASJONSKART MUSEUM VEST



Relevant formidling

I Strategisk vegkart 2021–25 finn vi satsingsområda for formidlinga i Museum Vest:

1. Satse på kunnskapsbasert formidling. Museum Vest skal synleggjere samlingane, ny forskning og kunnskapsproduksjon gjennom formidling på ulike nivå og implementere aktiv bruk av museets formidlingskanalar.
2. Satse meir på aktivitetsbasert formidling ved avdelingar det er relevant for, og ta uteområde og nærmiljø i større bruk.
3. Vere oppdaterte på nye formidlingsmetodar.
4. Ha spesielt fokus på å nå publikum lokalt og regionalt.
5. Utvikle formidlingstilbod på tvers av avdelingane og søke samarbeid med eksterne partar.
6. Vidareføre arbeidet med publikumsutvikling både retta mot tidlegare besøkande og nye målgrupper- sjå under kommunikasjon og marknad.

I Museum Vest har vi samla sett innfridd på alle desse områda i 2024, det vil ein sjå i skildringa av dei einskilde avdelingane og det vi har gjort i fellesskap i Museum Vest.



Electronically signed
<https://sign.vip>



VÅRE SJU MUSEUMSARENAER OG AKTIVITETEN I 2024

Bergens Sjøfartsmuseum

Museet hadde fleire undervisningstilbud for skuleverket og barnehagar. I 2024 viste museet den skiftande utstillinga «Skeivhet til sjøs» og starta arbeid med å fornye utstillinga om vikingskipene.

Museet arrangerte ei rekkje opne føredrag for vaksne publikum samt eit borne- og familieprogram. Det største enkeltarrangementet var Maritime familiedagar i november. Museet har også redaktør- og produksjonsansvar for «Museum Vest podden» som formidlar sjøfart, fiskeri, krigshistorie, kystkultur og mellomalderen i Bergen. Podkasten har over 35.000 ulike nedlastingar over heile Norge sidan oppstarten.

Marinarkeologien

Som ein del av IRMAS-prosjektet har vi samarbeidd med Norsk Maritimt Museum og Stavanger Museum for å fremje felles maritime arkeologiske initiativ. I april 2024 deltok vi, saman med Stavanger Maritime Museum, i utgravinga og dokumentasjonen av det irske handelsskipet Providence, leia av Norsk Maritimt Museum. Skipet, som segla frå Cork, sank utanfor Mandal i 1721 og vart nyleg oppdaga av sportsdykkarar frå Mandal Dykkeklubb. I oktober deltok vi saman med Stavanger Maritime Museum i registrering av mellomalderhavna Basthabn i Rogaland.



Bjørn West Museet

Grunna utgjeving av ny bok om Bjørn West, samt 80-års markering for opprettinga av Milorg-gruppa, har museet vore særleg aktiv med formidling på eksterne formidlingsarenaer. Undervisningstilbodet har i haust vore tilpassa utdanning av HV-09 sin innsatsstyrke «Bjørn West». Fleire hundre soldatar trente i Bjørn West-styrken sine fotspor og avslutta på Bjørn West-museet med historisk formidling. Dette har kome som tillegg til det ordinære tilbodet til skuleklassar.

Museet sitt tilbod med å tilby formidling på turbussar i området om dei siste kampane i Noreg i 2. verdskrigen, har hatt auka popularitet.

ert / Elektronisk underskrevet

 visma sign
www.vismasign.com



Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene

Museet har fleire grupper som arbeider med utstillingar fram mot opninga av Det Hanseatiske Museum i 2027. I 2024 er konseptet for utstillingane ferdigstilt og presentert.

Museet har hatt undervisningstilbod for barneskule og vidaregåande skule heile året på Schøtstuene og Bryggen. Våren 2024 gjennomførte museet DKS-opplegget «Bryggen på verdenskartet» for barneskular. Museet har også teke imot barnehagar, elevar frå vaksenopplæring og studentar frå Universitetet i Bergen. Under One Ocean Week i april gjennomførte museet saman med Bergens Sjøfartsmuseum opplegget «Historisk aktivitetsløype på Schøtstuene».

Under Middelalderfestivalen 21.-22. september gjennomførte museet familieopplegget «Mysteriet om det forsvunne pergamentet» i Håkonshallen. Ein variant av dette vart også arrangert på Schøtstuene i påskeferien. Under Middelalderuken hadde museet foredrag på Schøtstuene. Det vart også arrangert fire haustforedrag på Schøtstuene. Museet arrangerte Sommer i hansahagen juni-august med 8 foredrag, éi teaterforestilling for barn og éin konsert. Koren Wiberg-seminaret vart arrangert på Schøtstuene 31. oktober.

På Schøtstuene vart det utvikla ny utstillingsformidling med QR-koder som vert klar for lansering tidleg 2025. I 2024 fekk museet også tildelt midlar frå Bergen Kommune og Sparebankstiftelsen SR-bank til utvikling av ny formidling for barn gjennom prosjektet «Lek og Lær med Hanseaten Hans», som inneber fortellingar rundt Hanseaten Hans og nye aktivitetar ute på Schøtstuene.

Detta skal bli klart for publikum i 2025.



Herdla Museum

To temporære utstillingar blei vist: Jan Henning Larsen «Sterkoder»- måleri, trykk og skulptur og Helge Skodvin: «Observasjonar av ny norsk fauna i årene 2014-2022», fotografi. Ei ny fast utstilling: «Merlin-motoren frå Marsteinen».

Gjennom si sentrale rolle på Herdla fort er museet involvert i ei lang rekke arrangement gjennom året. I nokre samanhengar er museet medarrangør som på Fortsdagen, ei tilskipping som gjerne samlar 1000-1200 personar. I andre samanhengar står museet for praktisk tilrettelegging. Det gjeld t.d. idrettsarrangementet «Askøy på langs».

Elles har museet det siste året fått stadig fleire grupper via Biologen hotel som har museumsbesøk som eit av tilboda til seminargjestane sine.

ert / Elektronisk underskrevet

 visma sign
www.vismasign.com



Kystmuseet i Øygarden

Kystmuseet opna tre ulike utstillingar i 2024: Båtutstilling i grindbygg på kaia, bunkeranlegget på Neshaugen og Jubileumsutstillinga for Fjell kyrkje. Særskilt jubileumsutstillinga vart godt besøkt. Den nye filmen om kvalstasjonen i Blomvågen vart også lansert i mars.

Kystmuseet hadde ei mengde med kulturelle og faglege arrangement i 2024. Det vart arrangert godt besøkte forteljarkveldar med faglege innlegg, gratisaktivitetar for barn i alle feriane, kinoframsyingar i helgene, fleire mindre konsertar, samt ny musikkfestival i juli. Badefestivalen vart avlyst grunna dårleg ver. Berekraftsveko i april er knytt til Havuken i Bergen, og innehaldt i 2024 skulebesøk, foredrag, debatt og kulturelt innslag. Særskilt Berekraftsdebatten på Taremare Hav- og berekraftsenter, har potensiale til å bli ein viktig kanal for samfunnsdebatt i regionen. Under Kulturminnedagane i september vart det, i samarbeid med Sogelaget i Øygarden, arrangert tur med Vestgar til Sulo og Lyngøy.

Halloween-arrangementet har blitt ein tradisjon, og vert skremmande godt besøkt. Nytt i år var framsyning av vandreteater. Dette vart også gjort under juletretenninga i desember.



Visningscenteret for laks har vore godt besøkt dei siste åra, særskilt av cruise-turistane. Visningsanlegget vart dessverre stengd ned under sommarsesongen grunna sjukdom på laks i regionen, og dette leia til markant nedgang i besøkstal og omsetting. Det vart difor satt i gang arbeid med å skaffe museet fleire bein å stå på formidlingsmessig.

Det har vore fleire skulebesøk, og særskilt programmet Livet ved havet er populært, men det er stort potensiale i å få fleire skulelevar innom museet. Det har i tillegg blitt teke initiativ til større grad av samarbeid med oppvekst og skule i Øygarden kommune. Også i 2024 vart det produsert to fagartiklar i Havstrilen.





Nordsjøfartsmuseet i Telavåg

Museet hadde undervisning for barn og unge frå ungdomsskulen og vidaregåande skule, og har arbeidd med vidareutvikling av museum-skule samarbeidet: prosjekt med Sund ungdomsskule og arbeid for auka elevbesøk frå Øygarden kommune. Det vart halde to føredrag, Levande øysamfunn langs Norskekysten og Norge sitt forhold til Russland, i tillegg til julekonserten Isroser med vokalensemblen «Tabula Rasa».

Det vart organisert vandretur til Selstøkværna med forteljning om restaureringa og korleis ein malte korn før i tida.

Nordsjøfartsmuseet arrangerte månadlege kaféar for målgruppene pensjonistar, nybakte foreldre og strikkeglade.

Under Festspillene i Bergen 2024 vart verket Telavågtragedien av komponist Håkon Berge urframført av Sjøforsvarets musikkorps med Edvard Grieg Vokalensemble og solistar i Håkonshallen. Tilsette ved Nordsjøfartsmuseet hjelpte komponisten med research om Telavågtragedien.

Kommandobunkeren i Sandviken vart ferdigrestaurert i 2024. Museum Vest hadde to omvisingar i bunkeren mellom anna for Museum Vest-tilsette på vandring 12. september 2024.

Nordsjøfartsmuseet og Kystmuseet i Øygarden har redaktøransvar for årboka Havstrilen saman med årboknemnda. Begge musea skaffar sponsormidlar og Nordsjøfartsmuseet har distribusjonsansvar til butikkane. I år kom den ut for 24. gong.



Norges Fiskerimuseum og Store Blå

Norges Fiskerimuseum har ulike undervisningstilbud som er relevante i høve til samfunnsoppdraget til skular og barnehagar. Undervisningstilbudet «Luker, tau og årer» vart forlenga som del av Bergen kommunes DKS-program for skoleåret 2024/25. Alle skuleelevar som besøker oss får to gratisbilletter saman med infoskriv på seks ulike språk, for å senke terskelen for gjenbesøk med familie og vener.

Den midlertidige utstillinga «Barnas Kristiansholm» som blei samskapt av elevar på 5. trinn, museet sine formidlarar og ein arkitektstudent, opna i juni. Prosjekt fornying av utstillinga på Storeblå ble igangsett og det vart kjøpt inn to nye RIB-motorar for å kunne drive trygg formidling.

Prosjekt HJEMOM, nytt konsept for museumskafé, starta hausten 2024.

I samarbeid med frivillige frå Bergen Husflidslag starta vi tilbud om Håndarbeidsstue for elevar ved 5. trinn. Leksehjelp for elevar ved 4. trinn har halde fram i skuleåret 2024/25. Matkurs i skuleferiar blei vidareført i samarbeid med Robin Hood huset.

ert / Elektronisk underskrevet

 visma sign
www.vismasign.com

Meir om formidlinga i Museum Vest:

Museum Vest samarbeidde med KulturIT om utvikling av ei ny nasjonal plattform for musea sine formidlingstilbod til barnehage og skule. MULO ble avvika då ny plattform blei lansert hausten 2024. Museum Vest har tilbydd eit bredt spekter av undervisningsopplegg for alle utdanningsnivå frå barnehage til vaksenopplæring og arrangement tilpassa ulike målgrupper som aktivitetar i skuleferiar, store familiearrangement, konsertar, føredrag og ulike kaféar for demente, pensjonistar, småbarnsforeldre og strikkeentusiastar. Museum Vest har halde fram med digitalt formidlingsarbeid, både gjennom Museum Vest-podden med 90 episodar til no, derav 30 produsert i 2024 og to artiklar på Digitalt Museum vart oppdaterte.

Museum Vest tok initiativ til eit nytt samarbeid med Museumssenteret i Hordaland om koordinering av Forum for barnehage- og skuleformidling, eit nasjonalt fagleg nettverk for museumsformidlarar som møtast digitalt fire gonger per år. Museum Vest har samarbeidd med Teknisk Museum og Universitetet i Stavanger om Museumspedagogisk nettverk med månadlege digitale seminar.

Fleire avdelingar har samarbeidd med eksterne aktørar. Kystmuseet i Øygarden, til dømes, hadde eit samarbeidsprosjekt med Sotra vidaregåande skule om Tjeldstømarka. Norges Fiskerimuseum samarbeider med Bergen Kommunale Kystkultursenter Frivilligsentral om å skape ein inkluderande møteplass i og rundt museet og senteret. Ukentleg Nabokaffe står sentralt i dette arbeidet. Museet samarbeider også med Robin Hood huset om gratis sjømatkurs i skuleferiar, for born som står i fare for utanforskap. Museet har etablert eit samarbeid med Bergens Husflidslag om ukentleg Håndarbeidsstue for 5. trinnselever, og samarbeider også med frivillige om Leksehjelp for 4. trinnselever. I 2024 samarbeidde museet også med Høgskulen på Vestlandet om blant anna vidareutdanning for lærarar og med Bergen Arkitektskole om gjennomføring av fleire av deira aktivitetar.

Herdla museum har gjennom mange år samarbeidd med Human-Etisk forbund om ein aktivitetsdag for dei borgarlege konfirmantane frå Askøy og Sotra. Også overnattingsturane for lærarstudentar frå Høgskulen på Vestlandet er blitt vidareført i 2024. Museet står her for den faglege delen som er knytt til fuglelivet. Vidare samarbeider museet med Frivillighetssentralen på Askøy om ferieaktivitetar for born og unge og med Askøy kommune om ein leir for menneske med funksjonsnedsettingar.

Kystmuseet i Øygarden inviterte nettverk for krigsveteranar med familie til festival. Personar med nedsett funksjonsevne blei inviterte som frivillige under same festivalen. Nordsjøfartsmuseet har opne, gratis møteplassar for pensjonistar, småbarnsforeldre og strikkeinteresserte. Bjørn West Museet har nokre dagar med ope og gratis museum. Bergens Sjøfartsmuseum har gratis adgang for brukarar av Robin Hood Huset og gratisbilletter til Maritime familiedagar vert utdelt gjennom grunnskulen for vaksne i Bergen (innvandrarar) og Robin Hood-huset. Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene har fleire gratisarrangement som Sommer i Hansahagen, Jul på Schøtstuene, familieopplegg på Middelalderfestivalen på Bergenhus og deltaking på familidagar under One Ocean Week, ute på Bryggen, om tørrfiske sin historie.

DIGITAL FORMIDLING 2024:

Når det gjeld digital formidling har Museum Vest-podden blitt ein suksess. Fram til årsskiftet var det totalt publisert 90 episodar og 30 av desse publiserte i 2024. Museum Vest har også ein eigen YouTube kanal. Den har færre brukarar enn podkasten. Det er løpande publiseringar i sosiale media; på Facebook, Instagram og på heimesida vår.

Avspelingar MV podden

Nye avspillingar i 2024 er 16.031. (36.600 ulike avspillingar totalt siden oppstart)
30 nye episodar i 2024
Totalt antall episodar siden oppstart på MV-podden: 90 episodar

Følgjarar i sosiale media

Totale tal følgjarar sosiale media: 28253

Artiklar publisert på Digitalt Museum

Ved utgangen av 2024 var det publisert 33 artiklar, derav to oppdaterte i rapporteringsåret.



#78 Vigdis Alte Historien til Sjømannskirken 160 år

▼ Museum Vest Podden



#82 Liv Ramskjær Norges Museumsforbund

▼ Museum Vest Podden



SAMLINGS- FORVALTNING

Heilskapleg samlingsutvikling

Det har totalt sett vore ein beskjednen tilvekst i 2024. Dette er ei ønskt utvikling då det er prioritert å jobba med infrastruktur og tilstrekkeleg kontroll over eksisterande samlingar. Som følge av ReOrg-prosjektet ved Kystmuseet i Øygarden og ein gjennomgang av samlingsdatabasen, har det samla talet gjenstandar i denne samlinga blitt redusert, noko som gir eit nokså stort utslag på totaltalet for Museum Vest. Det er positivt at vi har oppnådd betre kontroll over denne samlinga og har evna å tydeleg skilja rekvisitt og bruksgjenstandar frå museumssamlinga. Dette vil letta det vidare arbeidet med å prioritera ressursane inn mot arbeidet med museumssamlinga. I Bontelabo-prosjektet er det arbeid aktivt med samlingsvurderingar også i 2024.

Det har gått føre seg dokumentasjonsarbeid ved alle avdelingane, noko som viser seg i ei positiv utvikling i tala på totalt registrerte og digitalt tilgjengelege objekt både når det gjeld kulturhistoriske gjenstandar, arkeologiske gjenstandar og foto. Innanfor arkivfeltet er det arbeid med å ordna delar av arkivet ved Kystmuseet i Øygarden og store delar av arkiva ved Nordsjøfartmuseet er ordna. Fotosamlinga har vore særleg prioritert ved Nordsjøfartmuseet, der no 18 % av samlinga er digitalt tilgjengeleg. Ved Nordsjøfartmuseet er også alle lyd- og filmopptak i samlinga digitalisert og registrert, og heile gjenstandssamlinga er registrert og digitalisert.

Det vart i 2024 jobba vidare med utvikling av ein heilskapleg samlingsstrategi for Museum Vest, eit arbeid som skal ferdigstillast i 2025.



Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet

<https://sign.visma.net/nb/document-check/e9b39a3d-4aab-4e39-97f6-a99c5890eb57>

www.vismasign.com

Trygg ivaretaking

Arbeidet med å flytta samlingar frå ueigna magasin og å skaffa nye magasinfasilitetar har i 2024 har stort fokus. Gjenstandar frå fleire avdelingar er flytta til fellesmagasinet og Museum Vest har gjennom høyringsinnspel stadfesta støtte til eit nytt samlingssentrum for musea i Vestland. Ved Norges Fiskerimuseum er det som resultat av samlingsvurderingane avlevert privatarkiv til Vestland fylkesarkiv. Kystmuseet i Øygarden har jobba med oppfølging av ReOrg-prosjektet som starta i 2023. Prosjektet har bidrege til langt betre bevaringstilhøve i magasinet. Det har vorte jobba med å skaffa finansiering til eit erstatningslokale for Bontelabo og ulike lokale er vurderte opp mot behova skisserte i ein kravspesifikasjon. Arbeidet med å klargjera samlingane for flytting har gått føre seg med full styrke i heile 2024, og er eit arbeid som også vil prega det kommande året.

Det er gjennomført utlånskontroll ved Bergens Sjøfartsmuseum som ledd i å planleggja returen av funnet frå Akerendam i 2025.

Frå 2024 har Museum Vest motteke driftstilskot frå Vestland fylkeskommune til etablering av ei bygningsvernteneste. For å kunna levera ei god teneste, vart det i 2024 sett i gang eit utgreiingsarbeid der me jobbar med å kartleggja behov innan bygningsvern innanfor regionen Midt Hordaland og moglegheiter for å fullfinansiere ein funksjon som bygningsvernkonsulent. Arbeidet blir avslutta innan første kvartal 2025. Av praktisk arbeid innan bygningsvern vart restaurering av sjøbua i Breivik prioritert.

Vi har samarbeidd med Bevaringstenestene om bevaringstiltak og kompetanseutvikling innan samlingsforvaltning, blant dei kurs i handtering av 2D-format, sikring av gjenstandar ved Bjørn West Museet og gjennomføring av beredskapsøving med fokus på restverdirending.

Bevaringstenestene er ein svært viktig samarbeidspartnar inn mot Det Hanseatiske Museum og har i 2024 utført konserveringsarbeid og rådgiving som ledd i å klargjera samlingane for utstillingar i det nye museet.

Ved alle avdelingane er det gjennomført løypande skadeovervaking og vedlikehald i utstillingane. Ved Schøtstuene er det utarbeidd rutinar for inventarkontroll og reingjering av samlingane, som eit viktig ledd i profesjonalisering av forvaltninga. Det har blitt investert i sikringstiltak ved Nordsjøfartsmuseet.

Ny sikringsplan for Museum Vest vart vedteken i 2024 og arbeidet med å realisera tiltak er i gang. Mellom anna vart det gjennomført ei risikovurdering av Primus, ei beredskapsøving for Museum Vest og utvikling av verdibergingsplanar ved fleire avdelingar, alt i tråd med fellestilltaka i planen.



Forvaltningsforum på Schøtstuene. Foto: Hilde Arnesen.

FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

2024 var eit spanande og interessant år for Museum Vest som forskande kunnskapsinstitusjon. Året har særleg vore prega av ei relevant utviding av vår samla forskarkompetanse, sluttfasar av større prosjekt og samarbeid med andre forskande institusjonar.

Den formelle forskingskompetansen er vesentleg auka i løpet av 2024 ved at talet på tilsette med doktorgrad har auka frå 5 til 8. Dette har skjedd ved nytilsettingar innan marinarkeologi og ved ei nydefinert stilling som konservator med vekt på hanseatisk historie. Innlevering og disputas skjedde etter tilsetting i Museum Vest. På den måten har forskarkompetansen i Museum Vest blitt styrkt jamsides med våre prioriterte innsatsområde. Og det har styrkja den faglege og tematiske breidda i organisasjonen, då ved at kompetansen på hanseatisk historie er vesentleg løfta og ved at det marinarkeologiske miljøet er tilført doktorgradskompetanse innan arkeologi og mikrobiologi. I tillegg har Museum Vest finansiert ei avhandling om motstandsarbeidet på Vestlandet som vart ferdigstilt i 2024, og som venteleg vil bli godkjent og publisert i revidert form i løpet av 2025.

Museum Vest har altså eit attraktivt kunnskapsmiljø med stillingar som tiltrek seg både nyutdanna og meir erfarne forskarar. Og ein etterstrevar å leggje til rette for forskingstid til prosjekt som har relevans for museet.

Forskingstid og tid til fagleg utvikling skjer på ulike måtar, tilpassa våre museale føresetnader og vårt planverk. Vi har såleis stillingar med innarbeida forskingstid, tilsette som blir kjøpt fri av eksterne interessantar og tid til forskning og fagleg utvikling som er avklart gjennom prosjektdeltaking. Tid til forskning er ikkje reservert for dei som har doktorgrad, men òg for dei som har realkompetanse i å drive forskning eller som har gode prosjekt til å oppnå dette.



IOOW – Familiedag i Bergen. Foto: Vivian Torvund Berg

I 2024 har ein vesentleg del av den forskingstida vi har hatt til rådvelde gått til prosjekt som skal publiserast i 2025. Dette gjeld særleg arbeidet med Verftshistorie som skal munne ut i ein vitenskapleg antologi i 2025 med fire bidrag frå MV. Det har vidare på det nærmaste blitt fullført ei avhandling til graden Dr. philos, ein vitenskapleg antologi om intergenerasjonalitet på museum vart påbyrja og fleire vitenskaplege artiklar vart sendt inn eller var i prosess med tidsskrift i løpet av året. Dermed har ein i alt åtte artiklar frå Museum Vest som vil bli fagfellevurdert i løpet av 2025.

Museum Vest har eit så pass robust forskingsmiljø at vi evnar å både utvikle og leie større prosjekt og å legge til rekke for meir individuelt utvikla enkeltpublikasjonar. Det blir samstundes lagt vekt på å sikre seg naudsynt kritikk og idébreidde gjennom utstrekkt samarbeid med andre forskande institusjonar, slik som andre museum og universitets- og høgskulesektoren. Vi tek og rolla som ein institusjon det for andre og for oss er nyttig at blir forska på. Til dømes har samlingane ved Norges Fiskerimuseum vore av interesse for eit internasjonalt forskingsprosjekt. Også slik blir museet tilført nye kunnskapsperspektiv. Museum Vest synleggjer òg sin opne og nysgjerrige tilnærming til kunnskap gjennom sin vertskapsrolle. Hausten 2024 var Museum Vest arrangør av og vertskap for Museumsforbundet sin årelege forskarkonferanse. Med eit rikt program kring temaet "Museumsforskning – forskning på andre premisser" vart konferansen på kort tid fullteikna. Museum Vest sto ved utgangen av 2024 godt rusta til å utvikla seg vidare som ein forskande kunnskapsinstitusjon. Og oppnådd kompetanse og erfaringar vil vere definerande for dei relevante revideringane som vil prege arbeidet inn mot ein ny strategi gjeldande frå og med 2026.

